



## MØTEBOK

### Forslag til høyring, kulturskuletimen

Utval sak	Utval	Møtedato
<b>45/13</b>	<b>Utval for Oppvekst og omsorg</b>	<b>16.09.2013</b>

**Dokument i saka:**

Høyringsnotat og lovforslag ligg på Kunnskapsdepartementet si internettleide på adresse:  
[www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer.html?id=1976](http://www.regjeringen.no/nb/dep/kd/dok/hoeringer.html?id=1976)

**Bakgrunn:**

Høyring – Kulturskoletilbod – Forslag til endring i opplæringslov og privatskolelov, forslag sendt frå Kunnskapsdepartementet.  
Som eit ledd i regjeringa si satsing i Kulturløftet II, går det fram at alle barn som ynskjer det skal få eit kulturskuletilbod av god kvalitet til ein rimeleg pris. For å nå dette målet har regjeringa foreslått innføring av gratis kulturskuletilbod, også kalla kulturskuletimen, for elevar på 1. – 4. årstrinn. Høyringsfrist er 01.10.2013.

**Vurdering:**

Fitjar kommune ser positivt på at regjeringa ynskjer å lovfeste eit gratis kulturskuletilbod for elevar på 1. til 4. trinn. Eit slikt tilbod vil utvida kulturskulen sine rammer og vera eit positivt tiltak for den vidare utviklinga av kulturskulen i den enkelte kommune.

Gjennom tiltaka som er skissert i lovforslaget vil kulturskulen utvikla eit nytt tilbod som rettar seg mot større grupper av barn. Kulturskulen i Fitjar ser på dette som ei naturleg utviding av dei allereie eksisterande tilboda. Det er viktig å påpeike at gratis kulturskuletilbod for ei gitt elevgruppe ikkje skal erstatta allereie eksisterande tilbod, men vera eit supplerande tilbod. Når det gjeld økonomi må det frå statleg hald tydeleggjerast at dei auka rammene kjem kulturskulen til gode, slik at det vert auke i budsjetta til kulturskulane.

Fitjar kommune meiner det er viktig at lovendringa syt for at:

- ♦ kulturskuletimen skal administrerast av kulturskulen, i samarbeid med grunnskulane i kommunen.
- ♦ dei økonomiske rammene kommunen blir tildelt til å gjennomføra tilbodet, kjem kulturskulen til gode. Det må og sikrast at dei økonomiske rammene er i samsvar med antal grunnskular kommunen og at rammene tek høgde for utvida administrasjonskostnadene.
- ♦ det kjem klart fram om tilbodet skal vera for *alle* elevar på 1. – 4. trinn, for *enkelte* trinn, eller om det vert opp til kvar kommune å vurdera omfanget.
- ♦ lærarar som skal undervisa i tilbodet har pedagogisk utdanning/anna relevant høgare utdanning, og at det satsast på kompetanseheving for tilsette i kulturskulane.
- ♦ det vert rom for lokale tilpassingar, med omsyn til fagleg innhald, organisering og samarbeidspartnerar.

**Framlegg til vedtak:**

Utval for oppvekst og omsorg vedtek uttalen slik den ligg føre.

**Behandling i Utval for Oppvekst og omsorg - 16.09.2013:**

Rektor i kulturskulen Anne Lene Østvold Jordåen orienterte om stoda i kulturskulen i dag, og vegen vidare. Veldig positiv utvikling i elevtal og bredde av tilbod siste åra, jobbar for å sikra stabil drift framover.

Jordåen orienterte også kort om høyring om kulturskuletimen.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

Atle Tornes  
Rådmann